



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/1934-3

**Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for  
fv. 60 Tomasdard - Røyrhus bru i Hornindal kommune**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding,  
hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding,  
fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden om forskottering vert ikkje imøtekomen, då søknaden er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningslinjer for forskottering.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Søknad frå Hornindal kommune datert 19. februar 2016.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Hornindal kommune har i brev datert 19. februar 2016 (vedlegg) søkt fylkeskommunen om løyve til å forskottere 2 mill. kr til fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasdard - Røyrhus bru på fv. 60.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I FT-sak 19/14 vedtok fylkestinget planleggingsprogram for perioden 2015-2017. Det vart då godkjent at arbeid med reguleringsplan på fv. 60 skal vurderast etter 2017, avhengig av prioritering i den neste regionale transportplanen.

Arbeidet med reguleringsplanen vart stogga i 2014 på grunn av at prosjektet fekk endra prioritet i Regional transportplan 2014-2017.

#### Sentrale problemstillingar

Fylkestinget vedtok retningslinjer for forskottering på fylkesveg i FT-sak 59/10. Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet, jf. pkt. 1b i retningslinjene.

Prosjektet ligg ikkje inne med planleggingsmidlar i planleggingsprogrammet for 2015-2017 og oppfyller med dette ikkje retningslinjene for forskottering.

### Andre opplysningar

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at denne saka har klare parallelar til sakene om forskottering av planleggingsmidlar på fv. 57 (jf. FT-sak 49/14 og 51/15).

I 2014 søkte kommunane Fjaler og Gauldalen om løyve til å forskottere planleggingsmidlar til utbetring av fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug, jf. FT-sak 49/14. Søknaden stetta ikkje krava etter fylkestinget sine retningslinjer om forskottering og administrasjonen tilrådde avslag. Fylkestinget gjorde likevel vedtak om å imøtekome søknaden innanfor ei ramme på 2 mill. kr.

I 2015 søkte kommunane om ytterlegare 1,5 mill. kr grunna at planleggingsarbeidet ville koste nær 3,5 mill. kr for strekninga. Administrasjonen tilrådde avslag. I FT-sak 51/15 gjorde fylkestinget likevel vedtak om at kommunane fekk løyve til å forskottere inntil 1,5 mill. kr. Fylkestinget gjorde vidare vedtak om at denne forskottinga ikkje ville bli tilbakebetalt dersom prosjektet ikkje er starta innan 2025.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

I fylkestinget sine retningslinjer for forskottering er det et krav at prosjekta skal vere prioritert i planleggingsprogrammet. Fylkeskommunen tek på seg ein økonomisk risiko dersom vi nyttar midlar til planlegging av prosjekt som pr. i dag ikkje er prioritert i planleggingsprogrammet. Med bakgrunn i dette er fylkesrådmannen si tilråding at søknaden om forskottering vert avvist.

Dersom det ut frå omsyn til likebehandling eller andre omsyn er aktuelt å imøtekome søknaden om forskottering, så kan eit slikt vedtak ev. utformast slik som vedtaket i FT-sak 51/15.

Saker vedkomande forskottering av planleggingsmidlar er delegert til fylkesutvalet (jf. FT-sak 5/11). Fylkesrådmannen tolkar delegeringa frå fylkestinget til fylkesutvalet slik at denne berre gjeld saker som oppfyller krava i retningslinjene. Ein ev. godkjenning av denne søknaden må derfor gjerast av fylkestinget.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at søknaden om forskottering av midlar til sluttføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasdalen – Røyrhus bru vert avvist.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)